

Referat frå møte i ungdomsrådet 12.02.21

1. Godkjenning av innkalling og referat:

Godkjenning av referat vart godkjent utan merknader.

2. Tilgong på helsesjukepleiar (frå ymse i møte 28.01.21):

Frå møte 28.01.21:

Enkelte elevane syns det er vanskeleg å gå til helsesøster når kontoret er lokalisert der det er i dag. Mange ser dei og dei får spørsmål frå andre elevar om kvifor dei går inn dit. Det har også vore problematisk at helsesjukepleiar spør eleven spør kva ærendet gjeld når dei står i gongen slik at alle kan høyre dei.

Det vart fortalt om eit spørjeskjema med spørsmål om voldtekt, rusmisbruk, spiseforstyrningar o.s.b. Dei måtte gje skjemaet til lærar som igjen skulle gje det til helsesjukepleiar. Dei syns det var ubehageleg at sensitiv informasjon skulle behandlast slik. Dei lurte på om ein må ha slike alvorleg problem for å få tilgong til helsesøster, kva er kriteria for å gå til helsesøster mtp alvorlighetsgrad?

Dei seier at mange treng nokon å snakke med no, fordi problema deira vert forsterka under korona. Spesielt når det gjeld psykiske problem. Er det mogeleg å få til eit system der dei kan komme utanom friminutt og gjera avtale slik at dei slepp å sei kva det er i døra.

Sjefssjukepleiar Linn Therese Olaussen var kalla inn for å svare på spørsmål.

- ✓ Det er to kontor for helsesøster, lege mm. på Rimbereid skule. Kontora skal ha ein viss størrelse, det er vanskeleg å få til anna lokalisering.
- ✓ SH. Linn Therese Olaussen kom med forslag som kan gjera det lettere for elevar å ta kontakt med helsesøster, ein kan eventuelt avtale time i skule tida (det er lov å gå i undervisningstida med gyldig fråvær. Det går også an å avtale time pr. tlf., eller å komma å banka på for å få ein time.
- ✓ Dersom elevar opplever at helsesøster stiller spørsmål i gangen om henvendelsar føreligg det nok ei årsak til at dei ikkje kan komma inn på kontoret der og då. Linn Therese skulle ta det opp med helsesjukepleiar om å ikkje be dei oppgje årsaka på gongen.
- ✓ Ungdomsrådet ber om at helsestasjonen marknadsfører tenesta si meir tydeleg, gjerne med å besøke klassane for å gi informasjon.
- ✓ Rektor skulle vore med på møtet i dag ,men kunne diverre ikkje stille. Ungdomsrådet ber om at helsesjukepleiar vidareformidlar informasjon til rektor m/skulen , for å presisere at det er lågterskel for å kontakte helsestasjonen. Elevane kan komme til helsesøster med absolutt alt, små ting og større ting. Helsesøster kan henvise vidare om nødvendig.
- ✓ Linn Therese informerte om taushetsplikt og kva det innebærer.
- ✓ Kvar onsdag er det åpen helsestasjon 13:00 – 15.00, ungdommene blir oppmoda om å nytta seg av dette tilbudet og om å ta med seg ein ven om ønskelig.

- ✓ helsesøster bør også gå rundt i klassene, gjerne delta i undervisning i tema som psykisk helse og ungdom og seksualitet.

- ✓ Før pandemien skulle det starte ei samarbeidsgruppe med skulen ,der målet var å få helsesøster inn i undervisningen. Det er søkt penger til å betra tilbudet «Helsestasjon for ungdom».

Ungdomsrådet tar orienteringa til vitande.

3. Jakkar til ungdomsrådet:

Designar Karen O` Loughlin Karn frå CNC Helland viste fram ein jakke med logo og presenterte sin eigen portefølge av logoar som eksempel på kva ho kunne laga. Ho skal teikne og rettleie men det er ungdomsrådet som bestemmer kva dei vil ha. Alle skal få personleg namn trykt på jakkane, i tillegg til felles logo, utan ekstra kostnader. Det kom inn forslag til farge på jakke, marine blå med kvit logo. Det kom og inn fleire forslag til slagord «Ungdommens tale(røyr)», «Høyr på ungdommen», «Høyr ungdommen», «Ungdom tar ansvar», «Ungdom er framtida», «Ungdommens stemma».

Etter avstemming vart resultatet med fleirtal : «Høyr Ungdommen»

Koordinator sender mail til CNC Helland med alle namna til medlemmene i ungdomsrådet.

4. 17 mai

Om det ikkje blir ope for vanlig feiring, er det eit ønskje om at om at ungdomsrådet kan stille opp på eit liknande opplegg som i fjor, i form av filming og koordinering.

Ungdomsrådet vedtok einstemmig at dei ønsker å ha ansvaret for arrangementet dersom det ikkje vert ordinær feiring, mot eit vederlag tilsvarande 2020.

5. Gjennomgang av referat frå møte 28.01.

1. Det er mogeleg at Ungdommens fylkesting vert arrangert i vår (avhenger av korona-restriksjonar)
2. Program til Fitjar festivalen, digital undersøking om kva som er aktuelle band . Heile skulen må vera med på undersøkinga. Lage undersøking, gå rundt til alle klassane og forklare korleis dei kan delta. Neste møte for Fitjarfestivalen 17.02.21.
3. Fritidsklubbgruppa blir innkalla av koordinator til møte ein passande dag etter skulen. Det skal då lagast forslag til opplegg for fritidsklubb som deretter skal handsamast av ungdomsrådet og sendast over til rådmannen.

6. Ymse

1. Håkon den Gode- jubileum:

Det vert jubileum for Håkon den gode i juni. Kanskje ungdomsrådet kan ha ei rolle her? Dette skal takast opp att i neste møte. Bente skal i møte med ordførar, rådmann og prost.

2. **Koordinator orienterte om mobilitetsprosjekt:**

Kommunen jobbar med eit mobilitetsprosjekt der ein har kopla inn konsulentselskapet Bouvet. Målet er å prøva å få til ei shuttlebussordning. I tillegg kanskje også ei bestillingsordning om kvelden.

Ein vil redusera klimautslepp (fossile bilar). Skape sosisl bærekrft. Gjera sosiale aktivitetar tilgjengelege for flest mogeleg. Prosjekt er 2-årig . Kan vera aktuelt å søkja om 3,5 mill. i tilskot. Ein del av dette kan ogdå vera ein «mikromobilitetscontainer» Der ein kan leiga el-sparkesyklar/vanlege sparke-syklar.

Ungdomsrådet tar orienteringa til vitande og ønsker å være del av dette prosjektet dersom det let seg gjera.

4. **Koronamidlar for barn og unge:**

Det skal ha komme inn koronamidlar til tiltak for ungdom. Koordinator sjekkar opp kva føremål pengane er kommen inn til og om dette er noko ungdomsrådet skulle ha hatt eit innspel i?

Neste møte blir 9. mars kl. 14.15 i kommunestyresalen.